

Representanten **Marthe Hammer** (SV) har stilt slikt spørsmål:

- Kva er dagens ruteproduksjon i Bergensområdet med buss?
- Kva er kostnaden med å auke med 100 nye bussavgangar i Bergensområdet?

Fylkesdirektøren:

Ruteproduksjonen for buss vert målt i kilometer og i tid, det vil seie timer og minutt, og er nøkkelfaktorar for å berekne kostnader knytt til produksjonen. Årsrapport for kollektivstrategien 2019 viser nøkkeltal for buss Bergensområdet i tal kilometer, avgangar, kostnader og inntekter pr. år. I Bergensområdet er det om lag 6 200 bussavgangar på ein vanleg kvardag. Kostnader pr. avgang vil i hovudsak variere ut frå kor lang den enkelte linje er, samt prisar knytt til dei ulike kontraktane. Lange linjer, som region- og bystamlinjene, vil til dømes ha ein høgare bruttokostnad per avgang enn korte linjer.

Som døme er bystamlinje 4 Flaktveit-Hesjaholtet 51 km lang t/r, medan ei kort linje som linje 30 Tertnes-Åsane Terminal er på 14 km t/r. Med utgangspunkt i desse to eksempla vil 100 nye bussavgangar t/r ligge i eit spenn mellom rundt 15-46 mill. kr i årleg brutto kostnad.